



Amalia Høydal
Tveitevegen 40
5966 EIVINDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5754 - 22/26184

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2022

Avvist søknad om minihus - gbnr 465/11 Frotaule

Administrativt vedtak.

Saknr: 384/22

Tiltakshavar:

Amalia Høydal

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av minihus avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 18.06.21.

Saka gjeld søknad om oppføring av minihus på gbnr 465/11.

Kommune har sendt etterfylgjande førespurnad om komplettering av søknaden i brev datert 08.09.21, 15.10.21, 8.11.21. Du har svart i brevet datert 10.10.21, 28.10.21 og 14.03.22.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område og avsett til LNF-SB spreidd bustad. Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå planføremaal i kommunedelplan for Radøy.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den framleis ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. For søknad om oppføring av bustad er det krav om **ansvarleg søkjar**. Ansvarleg søkjar/føretak sender då inn erklæringar om ansvarsrettar for alle ansvarsområde. Byggmeister Seerup har sendt inn erklæring om ansvarsrett for utføring av bustad, men ikkje prosjektering eller søkjarfunksjon. Heile søknaden etter PBL §20-1 skal sendast av sakskyndig ansvarleg søkjar. Alle ansvarsområde: veg, leidningsnett, etc. skal dekkast med ansvar jf. PBL § 20-3. Gjennomføringsplan skal utarbeidast.
2. Vegen inn til bustaden skal takast med i byggesøknad med ansvarsrettar. Det skal sendast profil og snitt-teikningar på veg. Om vegen ligg på anna manns grunn skal det leggjast ved samtykkje frå grunneigar til tiltaket.
3. Du har søkt om utsleppsløyve via minireinseanlegg. Miljø- og tilsyn avd. skal ta stode til utsleppssøknaden før Byggesak kan handsama søknaden.
4. Teikningar på bustad må tilfredsstillе krav i TEK - teknisk forskrift. Evt. må det søkjast om dispensasjon frå krava med grunngjeving.
5. Det skal sendast profil og snitt-teikningar på plassering av bustad og veg med omsyn til eksisterande terreng og stigningstilhøve.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Amalia Høydal

Tveitevegen 40 5966

EIVINDVIK